



## **Fedje helikopterplass, Høgden. Utgreiing om helikopterplassen sin verknad på miljøet og utslepp til vatn, luft og jord.**

Bruken av helikopterplassen kan gje utslepp av væsker og gassar til vatn, luft og jord. Bruken kan og føra til uønska støy. Dyrelivet kan verta påverka, særleg fugl i hekketida.

### Utslepp av gassar til vatn, luft og jord.

Forbrenningsmotoren til helikopteret slepp ut CO<sub>2</sub>. Mengda av CO<sub>2</sub> er avhengig av flygetida og denne vert mindre når loshelikopteret kan landa på Fedje og slepp å fly attende til Flesland etter alle oppdrag. Loshelikopteret nyttar berre landingsplassen på Fedje dersom oppdraget er i nærleiken av Fedje. Bruk av landingsplassen på Fedje fører difor til redusert utslepp av CO<sub>2</sub>.

### Utslepp av væsker til vatn, luft og jord.

Fylling av drivstoff kan gje utslepp til jord. Slike utslepp er til no ikkje registrert. Lufttransport AS eig og har ansvar for tankanlegget som er på plassen.

### Støy.

Støy har ikkje vore problem etter at helikopter av typen Sikorsky (modell frå 70-talet) vart teken ut av bruk.

### Dyreliv.

I helikopterplassdata står det :


*I vernesektoren over Fedjemyrane landskapsvernområde, frå 235° til 300°, er det ikkje høve til å fly lågare enn 300 m. I perioden 1. mars til 30. juli skal ein normalt ikkje fly i vernesektoren.*

I praksis vert sektoren frå 180° til 300° ikkje nytta til å fly i. Årsaken til dette er at loshelikopteret når det flyr mellom Flesland og Høgden, flyr nord/sør.

Skip som skal ha los med helikopter og skip der losen skal gå frå borde ligg alle nordvest for Fedje. Dette gjer det lite rasjonelt å fly i vernesektoren.

Dei siste åra har havørna etablert seg på Fedje. Eg kjenner til eit havørnreir. Dette er etablert under ein av dei mest vanlege traseane for helikopteret. Dette tyder på at det er liten konflikt mellom helikopter og ørn.

Losflyginga starta i 1998. På denne tida var det lite hjort på Fedje. Første spor av hjort i dei kommunale arkiva, er i 2001. Det vart opna for ordinær jakt på hjort i Fedje kommune for første gong i 2007. Kvoten var på 10 dyr og har vore på dette nivået sidan. Fellingsprosenten har fleire år vore 100 %. Fedje kommune har eit areal på 7 km<sup>2</sup>. Stammen av hjort har med andre ord auka frå nesten ingenting til ein stor stamme sett i høve til arealet. Dette har skjedd i same periode som helikopterplassen har hatt aktivitet på dagens nivå. Dette tyder på at det ikkje er konflikt mellom hjort og helikopterplass.

  
Øyvind Tolleshaug